



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	21.10.2025
Møtetid:	10:45 -16:30
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Kariann Ekren	medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
------	----------	-------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 90/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 91/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 18.09.25	
PS 92/2025	Økonomisk rapportering - 2.tertial 2025	
PS 93/2025	Eigarmelding 2025	
PS 94/2025	Forprosjekt - kommunalebygg - nedsal	
PS 95/2025	Folkehelseoversikt 2025 Masfjorden kommune - høyring	
PS 96/2025	Framlegg til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037	
PS 97/2025	Eablering av snuplass ved enden av Rambjørgevegen	
PS 98/2025	Oppfølging av plansaker som legg opp til nedbygging av myr og natur - høyringsak	
PS 99/2025	Høyringsuttale frå Masfjorden kommune kring evt. grensejustering mellom Alver og Modalen, alt. Masfjorden kommune	
PS 100/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 32/2025	Felles innsats for økt boligbygging	
RS 33/2025	Invitasjon til å bli med på KS Lokaldemokratiundersøkelse	
RS 34/2025	Kommuneplan sin arealdel for Alver - 1.gongs ettersyn	
RS 35/2025	Vestland fylkeskommune ber kommunane i Vestland bidra til å utdanne fleire fagarbeidarar	
RS 36/2025	Samarbeidsavtale Masfjorden kommune - Nok. Bergen - til signering	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
PS 101/2025	KS-medalje - politikarar	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 90/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Ordfører bad om at sak - KS-medalje - politikarar - vart lagt til sakslista.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 90/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste med tilleggssaka vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 91/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 18.09.25

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 91/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 18.09.25:

Møteprotokoll frå formannskapet 18.09.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 92/2025 Økonomisk rapportering - 2.tertial 2025

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø, oppvekstleiar Wenche Dåe, Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset og teknisk sjef Roald Kvingedal møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 92/2025 Økonomisk rapportering - 2.tertial 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Driftsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 93/2025 Eigarmelding 2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 93/2025 Eigarmelding 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Eigarmelding 2025 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 94/2025 Forprosjekt - kommunalebygg - nedsal

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 94/2025 Forprosjekt - kommunalebygg - nedsal:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt for vurdering om nedsal av kommunale eigedommar samt overføring av kommunale eigedommar til Masfjordbygg AS.

Det vert løyvd krone 500.000,- til arbeid med forprosjektet, finansiert med fondsmidlar.

Arbeidet med forprosjektet skal vera gjort ferdig hausten 2026.

Rådmannen oppnemner tilsette frå ulike einingar som skal vere med i arbeidsgruppa.

Viktige brukargrupper skal involverast i arbeidet, som brukarar - og leigetakarar av bygga.

Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 95/2025 Folkehelseoversikt 2025 Masfjorden kommune - høyring

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 95/2025 Folkehelseoversikt 2025 Masfjorden kommune - høyring:

Vedtak frå formannskapet:

1. Formannskapet tek utkast til Folkehelseoversikt for Masfjorden kommune 2025 til orientering.
2. Dokumentet vert sendt på høyring med høyringsfrist 17. november 2025.
3. Endeleg versjon av folkehelseoversikta vert lagt fram til politisk godkjenning etter høyringa.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 96/2025 Framlegg til
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 96/2025 Framlegg til
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037:

Vedtak frå formannskapet:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vert framlegg til «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037» sendt ut til offentleg høyring. Frist for merknader er 10.desember.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 97/2025 Etablering av snuplass ved enden av Rambjørsgsvegen

Saka vart drøfta.

Formannskapet oppmoda om at det vart vurdert / etablert møteplassar på Rambjørsgsvegen i samband med dette prosjektet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 97/2025 Etablering av snuplass ved enden av Rambjørsgsvegen:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune løyver kr. 162.500,- inkl. mva til investering/etablering av snuplass ved enden av Rambjørsgsvegen, mellom GBNR 2/5 og 2/7,8 Rambjørg. Finansiert med kr. 32.500 i mva. komp. og låneopptak med kr. 130.000,-.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 98/2025 Oppfølging av plansaker som legg opp til nedbygging av myr og natur - høyringsak

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Rådmannen får fullmakt til å utarbeide framlegg til vedtak fram mot kommunestyret basert på diskusjonen i formannskapet og innkomne innspel frå partia.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøyste tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 98/2025 Oppfølging av plansaker som legg opp til nedbygging av myr og natur - høyringsak:

Tilråding frå formannskapet:

Rådmannen får fullmakt til å utarbeide framlegg til vedtak fram mot kommunestyret basert på diskusjonen i formannskapet og innkomne innspel frå partia.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 99/2025 Høyringsuttale frå Masfjorden kommune kring evt. grensejustering mellom Alver og Modalen, alt. Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Kariann Ekren (H) bad om at følgjande vart protokollert:

- Masfjorden kommune har mottatt innbyggjarundersøkinga om grensejustering i Alver for bygdene Romarheim og Vikanes med interesse. Masfjorden kommune forstår det slik at valet synes å stå mellom grensejustering med Modalen eller å fortsette i Alver for bygdene Romarheim og Vikanes.

Masfjorden kommune ynskjer sjølvstyre nye innbyggjarar velkommen til vår kommune, også når det gjeld ei evt. grensejustering som i dette tilfellet.

Masfjorden kommune vil kunne ivareta innbyggjarane i desse to bygdene på ein god måte, både med tanke på oppvekstvilkåra, arbeidsplassar og helse- og omsorgstenester. I første omgang vil barnehage kunne løysast ved Matre barnehage.

Barne- og ungdomsskule vil vi kunne tilby ved Matre skule, ca. 20-30 min. bussavstand frå desse bygdene. Matre skule har gode fasilitetar på basseng og idrettsanlegg. Det same gjeld fritidsaktivitetar der.

Masfjorden kommune har eit godt undervisningsopplegg i den kommunale kulturskulen og eit idrettsskuletilbud for barne- og mellomtrinnet. Kommunen har gode idrettsfasilitetar ved skulane. Kommunen har også starta opp reguleringsarbeid for ein fleirbrukshall ved Nordbygda skule.

Masfjorden kommune arbeider tett med Gulen kommune om næringsutvikling gjennom GMU. Dei fleste private arbeidsplassane ligg derfor like over grensa til Gulen, i Sløvåg og Skipavika. For å utvide arbeidsmarknaden for desse næringsområda arbeider Masfjorden med å etablere Masfjordsambandet som fast forbinding mellom Masfjordnes og Duesund. For tida arbeider kommunen med å leggje til rette for etablering av eit datalagringssenter på Matre. Dette vil vere arbeidsplassar i kort kjøretid frå bygdene Romarheim og Vikanes.

Masfjorden kommune sitt helse- og omsorgssenter er lokalisert på Hosteland med legekontor, fysioterapi og NAV kontor. Masfjorden sjukeheim har stort sett tilgjengeleg kapasitet.

Sjukeheimen arbeider tett med heimetenesta som er godt rigga for å kunne bu heime lengst råd er.

Masfjorden kommune har også eit godt støtteapparat for dei som bur i tilrettelagte bustader ved MBA. Alt i kort avstand frå legekontor, sjukeheim, skule og

idrettsanlegg.

Masfjorden kommune har også investert i omsorgsbustader i bygdene Haugsvær og Matre og har starta eit forprosjekt for vidare utbygging ved Masfjorden sjukeheim.

Masfjorden kommune ynskjer innbyggjarane i bygdene Romarheim og Vikanes velkomne om det vert valgt ei grensejustering som går mot Masfjorden. Det vil då vere naturleg å få dette avklara i samband med kommunen sin komande samfunnsplan som for tida er på høyring og føreståande arbeid med arealplanlegginga i Masfjorden.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Saka vert lagt fram for drøfting i kommunestyret.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 99/2025 Høyringsuttale frå Masfjorden kommune kring evt. grensejustering mellom Alver og Modalen, alt. Masfjorden kommune:

Tilråding frå formannskapet:

Saka vert lagt fram for drøfting i kommunestyret.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 21.10.2025 av sak 100/2025 Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssaker:

- Felles innsats for økt boligbygging
- Invitasjon til å bli med på KS Lokaldemokratiundersøkelse
- Kommuneplan sin arealdel for Alvar - 1.gongs ettersyn
- Vestland fylkeskommune ber kommunane i Vestland bidra til å utdanne fleire fagarbeidarar
- Samarbeidsavtale Masfjordenkommune - Nok. Bergen - til signering
 - formannskapet fornyar avtale for nye 4 år bad om at dette tilbodet vart gjort godt kjent på heimesida til kommunen

Drøftingssaker:

- Fulltekstpublisere postliste
 - formannskapet bad om å få orientering frå DI v/Lars Tveit om status på denne saka
- Masfjordsambandet – avtale vlfk 2.utkast
- Budsjett 2026, status – innspel rammesak – drøfting
- Oppfølging samling med KS den 15.sept
 - Etiske retningslinjer
 - Varslingsrutiner politisk
- Konesjonskraft 2026
- Samanslåing av ED og sjølvkost
- Utbyggingsavtale datasenter
- Ordførar orienterer etter møte med politimester 14.okt
- Ferjeruter/Skyss – SAMO
- Møteplan 2026
- rammeavtale - matvarer til barnehagar
 - formannskapet ønskjer ikkje å gje tilslutning til denne avtalen

Orientering frå Rådmannen

- ass.rådmann Sveinung Toft orienterte kort om status for arbeidet med reguleringsplan for Matre
- rådmannen orienterte kort om forprosjekt som er starta opp om felles økonomi- og lønsskontor i regionen
- rådmannen orienterte kort om forhold knytt til ei tomt på Solheim, og formannskapet slutta seg samla til gjenkjøp av aktuell tomt

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 21.10.2025 av sak 100/2025 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

